

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ~~Lønning~~.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lindås.

Emne: Lynging og mosing.

Bygdelag: Nordhordland. (indre)

Oppskr. av: Martin Toft

Gard: Toft.

(adresse): Askelandsvåg.

G.nr. 18 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

I den del av bygda der det er ask, alm, raun, hegg og selje nyttar ein skav og mest ikke lyng til for. No lynga ein ikkje anna enn om våren i forløysa og lite då med.

b. Ein har litt etter kvart slutta med lynginga frå århundreskifte og fram til 1914. Tidlegare var lyng <sup>nytt</sup> på dei gardane det var å finna, og der dei ikkje hadde skav skav eit vanleg hjelpefor.

A. Lyng vart sankt fram gjennom vinteren og våren etter kvart som ein fora det opp. Det vert endå sankt og nytta i vårknipa, og det var likeeins under siste verdenskrig.

2. Ein kalla det å lyngja eller å skjera lyng.

3. Ein skjera lyngen med ein vanleg sigd.

4. Å lyngja er og var helst arbeid for kvinner.

5. Dei skjera han kvart 3. eller kvart 4. år.

6. Dei ber lyngen heim i kiper - lyngkipa.

7. Dei forar lyngen etter kvart.

8. Det er kyr og unge som får lyngen inn til seg, sau og geit må ta den ute sjølv. Mengden av lyngfor var ei skynsak.

9. Lyngen såg ein på som eit godt hjelpefor, men no reknar ein det for dårleg for.

B. Lyng som beite.

1. Ein dreiv dyra ut for å eta lyng tidleg om våren før graset var kome. Ein kalla det for "å løysa på lyngen." Det hendt nok då at dei laut sopa snøen bort, for løa var tom og det var ikkje ~~var ikkje~~ nok å trøysta seg med det ståande uttrykket frå gamle tider: "Det er mat i varm bås!" Det var i "lyngbygdene" dette ordtaket vart nytta her.
  2. Det var serleg gjeldbeista (dei kyr som ikkje mjølka og ungfeet) som ein slepte ut på lyngbeitet.
  3. Dette var ein vanleg framgangsmåte, men i naudår slepte ein også mjølkekyrne ut på lyngbeite.
  4. Ein rekna det for hjelpeleg for.
- II. ~~M~~osing har ikkje vore nytta i våre bygder.

1791

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING